

INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 1 APRIL 2023 81. ÅRGANG



*God påske*



DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30  
Prost: Knut Magne Nesse  
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen  
Prest: Carsten Langeland  
Diakon: Anita Øvreås Rusken  
Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad  
Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye  
Ass. kyrkjeverje: Trond Herløvsund  
Kantor: Gro Gunnarson  
Kateket: Heidi V. Styve  
Kyrkjeverje: Sissel Vartdal  
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og  
Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.  
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.  
Sokneprest: Rigmor Frøyen  
Prest: Fredrik Bråttvik  
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland  
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland  
Kantor: Erlend Os  
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:  
Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen  
Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:  
Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

# Nytt frå redaksjonen

I dette nummeret kan du lese om feiring av jubileum i Holsen kyrkje, om 50 barn som finn vegen til lek og moro på Førde kyrkjetun ein fredag ettermiddag, og om Fredrik Bråttvik, som vart presentert i HH nr. 3/2022, som er ordinert til prest. For han må det vere ei av storhendingane i livet. Feiringar og aktivitetar gir oss høve til å kome saman og oppleve inkludering og fellesskap. Slikt vil vi gjerne fortelje om.

Ei som ivrar for den gode samtalen, er sjukehuspresten Helene Langeland. Les intervjuet i bladet, og følg gjerne oppfordringa om å vere den som lyttar og tar i mot den som treng nokon å prate med. Meld deg gjerne som besøksvenn eller frivillig om du har litt tid til overs.

Eller kanskje du kan tenkje deg å bidra i eit av sokneråda? Det er sokneråds- og bispedømmerådsval til hausten. Kyrkja



treng engasjerte menneske og gode råd. Frist for å stille på liste er 31. mars. I neste nummer kjem presentasjon av vallistene og meir informasjon om valet.

Men nett no er det fastetid, og vi førebur oss til påske. Palmesøndag blir det stor fellesgudsteneste i Naustdal kyrkje, og etterpå er det påskeverkstad og kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset.

*God påske, og velkommen til kyrkje!*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad,  
Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

#### Trykk:

Printfarm, Øvre Årdal

**Frivillig bladkontingent**  
**kr. 290,-**

**Bankkonto:**  
**3705.15.33896**

Merk innbetaling  
med «Helg og Heim».

**VIPPS:**  
Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»


## Utgjevingsplan 2023

<b>Nr. 2.</b> Stoffrist: Onsdag 26. april. I posten veke 21	<b>Nr. 3.</b> Stoffrist: Onsdag 9. august. I posten veke 37	<b>Nr. 4.</b> Stoffrist: Onsdag 25. oktober. (Det kan komme endringar.) I posten veke 48
---	---	---



**Framsdebilde:** Ein fin stad å kjenne vårsola varme, midt mellom Førde og Naustdal. Foto Hanne Schnitler

# Vi utvidar Kyrkjetunet



Kyrkjetunet vert utvida ved å bygge på mot vest der det i dag er garasje og lunsjrom. Teikning: Arki Arkitektur AS.

Det er behov for meir kontorplass på Førde Kyrkjetun.

Tekst: BJØRN-HARALD HAUGSVÆR, soknerådsleiar Førde sokn.

Det er i tillegg kome nye krav frå Arbeidstilsynet som gjer at

dagens kontorlokale treng å oppgraderast. Dette vert løyst ved å ta i bruk dagens garasje til kontor og utvide ved å bygge nytt i framkant av garasjen. Då får vi fem nye kontorplassar, nye toalett og garderobe og ny rømmingsveg frå tredje etasje.

Samstundes skal Førdepak-

ken oppgraderer Kyrkjevegen. Då må det vesle skuret med søppelrom og sykkelparkering rivast. Desse funksjonane vert flytta til ein ny garasje aust for Kyrkjetunet. Her vert det garasje og søppelrom. Samstundes vert den store plenen gjort om til tunområde med parkering.

Planlegginga skjer i regi av Arki Arkitektur AS, og det vil vere Førde sokn som står for sjølv utbygginga. Økonomisk er dette løyst gjennom ein intensjonsavtale med Sunnfjord Kyrkjelege Fellesråd om fleire kontorplassar og ein ny langtidskontrakt for kontorleige.



Leonard Subrescu.

Nytt om namn

## Leonard takkar av

Leonard Subrescu vart tilsett som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar først i Naustdal og Vevring, og etter samanslåinga har han også vore å sjå som kyrkjetenar i Førde. Han har vore tilsett i til saman åtte år. Leonard har og vore medlem i Førde sokneråd, og særleg engasjert seg i miljøspørsmål.

Med sitt stillfarande og lune vesen har han løyst oppgåvene både inne i kyrkjene og

ute på kyrkjegardane på beste vis. Han flyttar no med familien til Tønsberg, men framleis med kyrkja som arbeidsplass som kyrkjetenar i Slagen menighet.

Vi takkar Leonard for tenesta i Sunnfjord, og ønskjer hell og signing på vegen vidare!

Tekst: SISSEL VARTDAL, kyrkjevevjerje i Sunnfjord.



## TIL ETTERTANKE

Av HEIDI VOLTERSVIK STYVE, kateket

# Ein blome i Guds hage

I skrivande stund er det februar. Ute er det mørkt og kaldt, og vinden herjar rundt tretoppar og husveggar, og eg kjenner at eg gler meg til våren.



Eg er oppvaksen i Trøndelag. For meg kjenner eg på den herlege kriblinga av vørkjensle når eg ser den første hestehoven. Heime har han og eit anna namn, nemleg «leirkaill». Omsett til nynorsk vil det kanskje verte noko sånn som «leiremannen.» Han står der så stusseleg i vegkanten, «leirkailen». Liten, litt krokbøygd og bustete på hovudet. Ikkje lenge etter han kjem alle dei vakre blomane ut av vinterkvila si: Krokus, tulipanar, påskeliljer og mange andre. Vakre og stolte blomar, som har vorte planta og passa godt på. Men fyrst kjem han, «leirkailen», som ein gul liten solflekk i grøftekanten.

Det er ein song eg har hatt med meg sidan eg for fyrste gong hørde han då eg var student. Han heiter «Blome i Guds hage» og er skriven av Sølvi Hopland.

*Du er ein blome i Guds hage,  
så fargerik og fin.  
Og blant mimosar og syriner  
er det denne plassen som er din.  
Du ska 'kje flyttast eller fjernast,  
du e 'kje kun til bry.  
Du ska 'kje kvelast eller skjulast,  
men stå i blomst og vere DU.*

Vi er alle blomar i Guds hage. Mange av oss har lett for å samanlikne oss med andre. Dei andre er større, flinkare, klokkare, snillare og kanskje ikkje minst penare enn oss. Kvar er min plass? Eg kan ikkje stå i blomebedet saman med dei flotte blomane. Nei, eg held meg her i grøftekanten eg. Kanskje ingen legg merke til meg?

Alle har vi vår plass i Guds skaparverk. Nokre er vårblomar; den som formidlar håpet om ein sommar. Håpet om noko godt. Nokre er sommarblomar, som spreier glede og noko vakkert å sjå på. Nokre er haustblomar, som gjev trøyst når det lid mot vinter. Alle har vi kvar våre fargar, alle er vi unike, alle er vi ein del av Guds plan, og alle betyr vi noko for andre. Håpet mitt for våren og sommeren er at du tør å vise fargane dine, og at du tør å tru at den du er, det er bra nok!

*For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv. For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei. Ef2. 8-10*

## BARN OG NATTVERD

## «Den finaste køen eg veit om!»

Det er ikkje mange køar det er kjekt å stå i, men når vi opplever kø på gudstenesta i samband med nattverd, så er det faktisk ein fin stad å stå i kø. Saman med alle dei andre.

Tekst: INGVALD ANDERSEN FRØYEN  
Sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

Dei seinare åra har nok mange lagt merke til at det ikkje lengre er berre vaksne og ungdomar som går fram til nattverd, men også ganske små barn. Nokre kjem fram og får både brød og vin, medan andre er med ein forelder fram og vert velsigna der dei står eller kneler.

Som prest kjenner eg på ei stor glede over å kunne ta imot alle slags menneske i alle aldrar ved nattverdbordet. Det kjennest både rett og rikt. Og ja, - det er den finaste køen!

**Det har ikkje alltid vore slik.** I kyrkja vår var det fram til 1965 forbode for barn å kome til nattverd. Ein måtte vere konfirmert for å ta imot brød og vin i nattverden. Så kom det ei større diskusjon på 60 talet kring barns deltaking og i 1968 vart grensa flytta ned til 12 år. I 1981 vart grensa flytta ned til 6 år. Det siste og avgjerande vedtaket kom på Kyrkjemøtet i 1993 der dei sa at: «Barn som er døypt og har

fått vegleiing om nattverden, kan ta del i nattverden.» Dermed hadde barn full tilgang til nattverdbordet på lik linje med dei vaksne.

**Kan vi forstå eit mysterium?**

Årsaka til at barn så lenge ikkje hadde tilgang til nattverden, skuldast ei almen forståing av at nattverden var noko ein måtte forstå med tanken og forklare med ord før ein kunne ta del i den. Dette hang og saman med ei tanke omkring trua, at trua langt på veg handla om kunnskap.

I dei seinare åra har vi fått ei ny forståing av kva og kven barnet er, og vi har og gjenoppdaga Bibelen sitt syn på barnet. Jesus sjølv peikte jo ofte på dei små barna som føredøme på kva tru er. Fleire gonger sa han at vi må bli som barn att, for å kunne gripe frelsa. Både dåpen og nattverden er mysterium som ikkje kan forklarast fullt ut, men fyrst og fremst takast imot i tru.

**Å hugse med kroppen**

Nokre av dei tinga vi hugsar best, er dei opplevingane som ikkje berre er ord, men ord følgt av tonar, smakar, eller andre sansar. Nattverden er ikkje berre ord, men heile kroppen vert involvert. Vi går fram saman med andre. Kanskje kneler vi ned på alterringen. Vi får ein liten oblat med eit bilete av Jesus. Vi smakar det i munnen. Vi får nokre dråper vin i eit beger og drikk. Og når vi gjer dette mange gangar, så er det ikkje berre hovudet og tanken vår som hugsar, men heile kroppen hugsar kva dette er.

Eg er overtydd om at det at barna har funne vegen til



Nattverdkø i Førde kyrkje. Små og store er velkomne i køen! Foto: Hanne Schnitler

nattverdbordet også har opna vegen for mange vaksne som ikkje har kjent seg verdige til dette før. Det har vore mange tankesperrer for nattverden hos mange vaksne. Om å forstå, vere verdig eller passe inn. Når vi ser dei små barna frimodig gå fram, så får kanskje vi også frimod til å gå. Om barna kan, så er det vel rom for meg og!

**Lære og hjelpe**

Kvar gong eit barn blir døypt i kyrkja, og medan foreldre og fadrar står som vitne, les vi orda der vi vert minna på at dåpen av dei små kjem med eit ansvar til å lære og hjelpe. «Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilag ansvar: Å visa omsorg for dei, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka

*Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.»*

Å lære å gå til nattverd er altså vesentleg del av det å få næring til å vekse og leve som ein kristen her i verda. Det er ei gåve til livet.

**Vi har eit ope nattverdbord**

Så til slutt. Nattverdbordet er eit måltid for dei truande. For oss som er kristne, eller som ynskjer å vere det. Samstundes er det slik at vi i vår kyrkje praktiserer eit ope nattverdbord. Det betyr at vi ikkje avviser nokon framme ved nattverdbordet, eller spør etter kva for kyrkjesamfunn ein høyrer til.

Så, velkomen til å lage kø i di lokale kyrkje neste gong det er nattverd. Ingen vert lei seg for det!

Lokalavisa Firda har denne vinteren teke oss med bak kulissane på sjukehuset i Førde. Det er mange oppgaver som skal løysast, og mange ulike fag-grupper som må til,

for at det skal bli så god hjelp for pasientane som råd. Men éin person er den einaste av sitt slag: Sjukehuspresten – tilsett av Helse Førde som ein del av det faglege og

menneskelige omsorgsapparatet som sjukehuset er.  
– Samstundes: Ei erkjenning av at livet også har ei åndelig side.

# Ei samtaleteneste

Tekst: ANNBjørG E. HESSELBERG Bilete: HELENE LANGELAND og ANNBjørG E. HESSELBERG



I andre etasje på sjukehuset finn vi eit stort skilt: *Kontor prest*. Der tek Helene Langeland, sjukehuspresten, imot meg. Kontoret er innreia med ein fin samtalekrok – men dei fleste samtale foregår nok andre stader på huset, der samtalepartnaren Helene møter pasientar, pårørande og personale. «Vi har ei samtale-teneste her på sjukehuset, ein sjukehusprest,» kan pleiaren seie til pasienten. «Har du lyst på besøk?»



Dagens sjukehusprest er Helene Langeland, sunnfording som har mange prestear bak seg i Lærdal i Sogn. Der fekk ho også smake på tenesta som sjukehusprest, i ei lita deltidstilling. Ein del år har ho også hatt den barnevernsoppgåva det er å vere beredskapsheim, noko som gav innsyn i vanskelege liv. No er ho i ferd med å ta pastoralklinisk utdanning ved Institutt for sjelesorg, Modum Bad. Summen av dette er at ho ynskjer å vere der for menneske som treng ein medvandrar og samtalepartnar.

## Kykjelydsprest / sjukehusprest

– Det var vel ei litt jamnare fordeling av sorg og glede i arbeidet i ein kyrkjelyd. Her på huset er det nok ei overvekt av det tunge og vanskelege, sjølv om glada også kan glimte til. Ein annan skilnad er jo at det i kyrkjelyden er regelmessige gudstener og andre samlingar som folk kan oppsøke, medan det her vert meir ein-til-ein-kontakt, seier Helene.

– Det som er grunnleggande likt, er at det fins menneske som treng denne tenesta og det den står for. Vonleg finn folk prestar og andre dei kan snakke med i sin heimekyrkjelyd, men eit opphald på sjukehuset kan gi rom for tankar som ein ikkje tek seg tid til så lenge livet går sin vanlege gang. Somme synes også at det er greitt å verte sett i kontakt med lokalkyrkjelyden dei kjem frå.

## Samtalen

Pasientar, pårørande og personale skal alle få sin bit av sjukehuspresten. Det fins inga oppskrift for ein samtale. Utgangspunktet er sjølvstøtt ønske og behov som meir eller mindre tydeleg kjem til uttrykk. Det er



*Dei små  
symbola ber  
mykje innhald.  
Kyrkjeofringar  
har gjeve  
kjerkomen hjelp  
til litt materiell  
til utdeling, for  
slikt står ikkje  
på eit stramt  
sjukehusbudsjett.*



ikkje eingong sikkert at det treng å handle om tru og gudsforhold.

– Eg må *lytte* meg inn, seier Helene, – prøve å lese situasjonen.

Det fins dei som er blyge når det gjeld dei djupaste spørsmåla, medan andre uttrykker seg lettare. Det fins dei som seier: «Eg trur ikkje på Gud, men det er ok å snakke med presten.» Mange seier kanskje: «Eg har mi barnetru.»

Nokre gonger kan det vere eit enkelt møte, andre tider vert det naturleg å føl-  
jast å lengre stykke på vegen. Somme veit at det går mot slutten av livet, andre treng hjelp til å leve.

### Kyrkjelege tenester

Sjukehuskapellet er vanskeleg tilgjengeleg frå innsida, eit fint rom, men ikkje laga som eit dagleg forsamlingsrom. Det



Frå sjukehuskapellet.

vert gjerne brukt til bære-andakter og små gravferder. Der har også vore dåp og vigsel. Sjukerommet kan bli «kyrkje» for ei enkel nattverdsstund. Ofte er det ikkje staden for mange ord, men ein liten bit av liturgien skaper høgtid. Høgtid og oppleving av å møte det heilage.

Men Helene kunne nok tenkt seg at det på sjukehuset fanst eit «stille rom», som ikkje trong vere vigsla som kyrkjerom. Både tilsette, pårørande og pasientar kunne trenge noko slikt, meiner ho.

### Samarbeid og samhandling

Det fins ein del faste team og grupper på sjukehuset, t.d. for å ivareta etisk refleksjon, tverrfagleg pasientbehandling, handtering av kriser og traume. Sjukehuspresten høyrer naturleg med i fleire slike grupper. Vanskelege saker treng å løysast tverrfagleg, og på sjukehuset er det fleire å spele på lag med. Ved større dramatiska hendingar samarbeider sjukehuset sin kirstab med dei kommunale.

### Å stå i det tunge

Det må vere krevande å møte lidning og sorg kvar einaste dag. Då er det viktig å kjenne sin plass og si rolle: – Eg er ikkje behandlar, eg er sjelesørgar. Saman arbeider vi for betre mental og fysisk helse og mindre lidning.

– Eg skulle ønske at eg hadde meir tid til å vandre rundt på huset og la folk tydelegare sjå at eg bryr meg om dei. Her kunne vere arbeid for fleire enn den eine presten, seier Helene.

### Litt ekstra støtte

Medstudentane på Modum bad deler sjølv sagt ikkje konfidensielle opplysningar, men dei utgjør eit godt og støttande nettverk no under studiet. Dette omtalar Helene med begeistring – og eg tenkjer: Slik skulle det sanneleg vore fleire plassar.

Og som det går fram av biletet:

Det er alltid god hjelp i å gå seg en tur!



Det er alltid god hjelp i å gå seg en tur!

Rundt i kyrkjelydane er det også tilbod om samtale med prestar og andre. Terskelen treng ikkje vere så høg for å ta kontakt, og kontaktlista finst på s. 2 i dette bladet.

## SOKNERÅDSVALET 2023



Nokre av medlemmane i Førde sokneråd: Frå v. Cathrin Hjelle Søvde, Liisa Maria Holsen. Bak: Ole Johnny Warvik, Jorun Gjengedal Knapstad, Bjørn-Harald Haugsvær, Ingvald Andersen Frøyen og Sven Ivar Hove.

## Kven skal styre kyrkja mi?

Den 11. september er det val til nytt sokneråd.

Tekst: BJØRN-HARALD HAUGSVÆR, soknerådsleiar i Førde

**PÅ VALDAGEN** for kommune- og fylkestingvalet kan alle medlemmar i Den norske kyrkje også velje kven som skal vere styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømmerådet og dermed Kyrkjemøtet: kyrkja sitt «Storting».

No arbeider nominasjonskomiteane med å sette opp lister over kandidatar til sokneråda. Dette er eit tillitsverv, og Den norske kyrkja i Sunnfjord har bruk for styre som består av menneske med ulike alder og erfaring. Dei som blir valde treng ikkje å ha vore mellom dei mest aktive i kyrkja. Mange har rik livserfaring og kunnskap frå yrkesliv og frivillig arbeid som er viktige bidrag til soknerådet. Så svar frimodig ja om å bli med, dersom du blir spurt! Eller foreslå andre eller deg sjølv, enten du ønsker å bidra i soknerådet eller med andre oppgåver.

**Fristen for å ha klar en liste er 31. mars.**

Kven som helst av medlemmane i soknet kan i prinsippet foreslå ei liste til soknerådsvalet, så lenge forslaget er skrevet under at

10 personar med stemmerett. Nominasjonskomiteen si liste kan medlemmane også supplere med eit ekstra namn i perioden 2. – 15. mai. Fem medlemmar med stemmerett kan saman foreslå ein kandidat som då vil kome med på lista til valet.

### Soknerådet sine oppgåver

Soknerådet skal bidra til at kyrkja kan vere kyrkje også i Sunnfjord. Det betyr m.a. å legge til rette for at menneske kan møtast til kyrkjebyggande aktivitet som barne- og ungdomsarbeid, gode gudstenester, dåps- og konfirmantundervisning, diakoni, musikk og anna frivillig arbeid. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap.

Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemmar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vere med i soknerådet.

### Digital førehandsrøysting

På sjølve valdagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. Frå 10. august kan du stemme på førehand, og nytt i år er at du kan førehandsstemme digitalt ved kyrkjevalet. Alle medlemmar som fyller 15 i år eller er eldre, har stemmerett.

Informasjon om kyrkjevalet finn du på nettsida [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no)

## Kva er oppg

Helg og Heim har snakka med soknerådsleiarane Jetvar Kalland i Naustdal, Bodil Øvsthus Frøysland i Holsen og Haukedalen og Bjørn-Harald Haugsvær i Førde om korleis det er å vere med å styre kyrkja.

Tekst: JENNY ØDVEN SNILDAL og HANNE SCHNITLER



Jetvar Kalland, leiar i Naustdal sokneråd.

### Lang fartstid

Jetvard Kalland, noverande leiar i Naustdal sokneråd, har til saman 17 års fartstid i soknerådet. Karrieren starta i Frøyseth sokneråd i Masfjorden, der var han medlem i tre år. Etter kvart flytta familien til Naustdal og det tok ikkje lang tid før Jetvard vart valt inn i Naustdal sokneråd.

– Kva er motivasjonen din for å halde på slik år etter år?

– Motivasjonen er å gjere ein innsats for lokalmiljøet, seier Jetvard. – Det vere seg sokneråd, kultur eller politikk. Kyrkja betyr mykje for meg personleg og dei første åra var fokuset å bygge ut det kristelege arbeidet i soknet. Dei seinare åra handlar det meir om å halde oppe det arbeidet som er, gudstenester og det sosiale aspektet rundt det. Dessutan er det å sitje i soknerådet eit gjevane arbeid. Mange er takksame for det arbeidet som vert gjort. Fokus på barne- og



# Åvenne til ein soknerådsleiar?

ungdomsarbeidet er og viktig, då ein ser at det er ein nedgang i born som deltek i kyrkja sitt arbeid for born og unge.

Jetvard oppmodar alle om å nytte stemmeretten i kyrkjelege val. God oppslutning om kyrkjeval, både sokneråd- og bispedømeval, er ein indikator til styresmaktene om at kyrkja er ein viktig arena.

– *Stiller du til val denne gongen og?*

– Under tvil har eg bestemt meg for å stille, seier Jetvard og smiler.



Bodil Ø. Frøysland, soknerådsleiar i Holsen og Haukedalen.

## Enda lengre fartstid

Bodil Øvsthus Frøysland er soknerådsleiar i Holsen og Haukedalen.

– *Kva gjorde at du stilte til val til soknerådet, Bodil?*

– Eg syns at kyrkja står for noko viktig, og det kyrkjelege arbeidet er viktig også på små plasser. Me har to fine kyrkjer i Holsen og Haukedalen, og folk må oppleve det som godt å koma dit. Skal det skje noko på små plasser, må nokon engasjeras seg og gjera ein innsats. Me har hatt godt samarbeid i soknerådet i alle periodane eg har vore med, med folk som ynskjer at det skal skje noko i bygdene våre. Det er kjekt å ha samarbeid mellom bygdene og fint å få til felles arrangement for begge bygdene. Eg har stilt til val nokre gonger etter kvart, eg vart valt inn i soknerådet fyrste gong i 2009 og har blitt der sidan.

– *Korleis har det vore å vere med i soknerådet denne valperioden, som tok til med koronanepidemien?*

– Det har vore spesielt i koronatida, men me fekk til ein del aktivitet til trass for restriksjonane. Me har små kyrkjer og små kyrkjelydar som gjorde det mogeleg å ha gudstenester for dei som vanlegvis går i kyrkja, sjølv med restriksjonar. På julafta i 2020 og 2021 hadde me påmelding og fleire, korte gudstenester for å gjera det mogeleg for flest mogeleg å koma til kyrkja. Sjølv sagt var det arrangement som ikkje var mogeleg å gjennomføra. Det var ikkje så kjekt å t.d. planlegga både jubileumskonserter og juletreffeststar som måtte avlysast på kort varsel. Alt i alt syns eg me fekk til så mykje me kunne under pandemien.

– *Kva er dei viktigaste sakene soknerådet har jobba med i denne perioden?*

– Det må vera å oppretthalda aktiviteten i Holsen og Haukedalen. Me har fleire arrangement gjennom året som me ynskjer å halda fram med. Det er t.d. «Vi over 60»-fest, konfirmantjubileum og juletreffeststar. Soknerådet er delaktige i planlegginga av gudstenester, og me prøver å få til andre samlingar i tillegg til søndagsgudstene-  
stene.

I 2022 starta me opp med songsamlingar med noko attåt i kyrkja, «Song for sommaren» i juni og «Song i hausten» i november. Det har vore godt oppmøte og gode tilbakemeldingar – og dette er noko me vil arrangera fleire gonger.

– *Kjem du til å stille til val for neste periode?*

– Ja, eg stiller for 5. gong – fordi det er meningsfullt og viktig arbeid i bygdene våre. Akkurat no ser det bra ut med tanke på å få folk til å stilla til val for neste periode, så eg er optimistisk og tenkjer me kjem til å få til eit velfungerande sokneråd også i komande periode.

## Nykommar i soknerådet

Bjørn-Harald Haugsvær er snart ferdig med sin første periode som leiar i Førde sokneråd.

– *Kva gjorde at du stilte til val til soknerådet?*

– Soknerådet er lokaldemokratiet i kyrkja vår, og eg opplever det som meningsfullt å sjå at mitt engasjement kan vere med



Bjørn-Harald Haugsvær, leiar i Førde sokneråd.

å bety noko for andre. Kyrkja er viktig for meg. Den betyr mykje for oss gjennom livet, er berar av vår kristne tru og vår kristne kulturarv.

– *Du tok til i soknerådet då korona og nedstenging kom. Korleis var det?*

– Korona gjorde at svært mykje var annleis også i kyrkja. Det vart færre arrangement og vi var redde for å treffe kvarandre. Det var uverkeleg at vi måtte avvise folk i kyrkjedøra fordi koronareglane sette avgrensingar. Heldigvis er vi no tilbake der vi var før pandemien. I Førde nytta vi denne tida til å gjere utbetringar i kyrkja. Det har vi stor glede av no!

– *Og kva er dei viktigaste sakene soknerådet i Førde har jobba med?*

– Grunna korona vart det minder merksemd på arrangement. Difor kunne vi bruke meir tid på bygg og formelle prosessar. Som eit resultat av dette har Førde kyrkje no fått nytt toalett, ny trapp frå galleriet og ny kaffekrok. For å få lov til dette hadde vi ein god dialog med Riksantikvaren og Bispedømmet. No er vi i gang med neste steg; nye toalett i kjellaren og oppvarming av kyrkja med fjordvarme.

Ei anna stor sak var overtaking av Førde kyrkjetun. Huset var eigd av ei eiga stifting, og når denne vart nedlagt fekk soknet overta huset gratis. Vi har eit eige husstyre som no arbeider med opprusting og utviding.



Rekke 1: Ingebjørg Nomeland, Isabella Vallestad Smådal, Olive Vallestad Smådal, Tor-Arild Nydal Holsen, Gro Gunnarson, Ingvald Frøyen. Rekke 2: Trine Renate Vallestad, Frida Vallestad. Rekke 3: Lovise Akse, Jørand Vallestad, Jakob Larsson og Odd Arne Standal.

# Holsen kyrkje 160 år

Holsen kyrkje vart 160 år 11. desember 2021. Grunna korona vart planlagde arrangement avlyst. Jubileumskonsert for kyrkja var difor arrangert i 2022. Laurdag 10. desember vart det markert med 160 + 1 år jubileum.

Tekst og foto: LAILA NYDAL

Tolv aktørar var i sving med vakker song og musikk, til stor glede for dei som kom for å høyre. 7 av aktørane hadde tilknytning til Holsabygda. Gro Gunnarson starta med å synge «Kyrkja den er eit gamalt hus».

## Det første songkoret i Sunnfjord

Historisk tilbakeblikk blei fortalt av Tor-Arild Nydal Holsen. Han sa blant anna dette:



Jørand Vallestad og Lovise Akse song «Eg vil vere her» og «Nordnorsk julesalme»


«Gratulerer alle saman! To gangar 80 år pluss 1, det er lang tid. Til innviinga av kyrkja 11. desember i 1861 var det samla eit songkor som Ole Nilssen Haarklau hadde ansvar for. Han var far til komponist Johannes Haarklau. Dette er det før-



Olive og Isabell Vallestad Smådal og Trine Renate Vallestad song «Nå er den hellige time»

ste songkoret i Sunnfjord ein kjenner til. Holsen Songlag vart skipa i 1861.

Songen og musikken er ein naturleg og viktig del av gudstenesta. Å uttrykke seg i dikt, song og med tonar av ulike instrument gjer noko med oss som ikkje vi heilt



Holsen kyrkje. Foto Ellinor Wergeland

## Kirkeferden

Dikt til Holsen kyrkje av Andreas R. Holsen, utgitt i 1943.

*Som barn jeg en vårdag fikk følge til kirke,  
vakker lå bygden i strålende sol.  
Fager var lien med grønnkledte birke,  
fuglene kvitret, og gauken han gol.  
Båten gled fram over sølvklare bølge,  
Sammen med far og sammen med mor,  
sammen med søsken i flokk og i følge.  
Sammen til kirke så ofte vi for.*

*Så herlig det var ved høi-sommertide,  
Når alle ting stod i blomstrende prakt.  
Unge og gamle på kirkevei skride,  
Alle var kledd i sin vakreste drakt.  
En ville så gjerne få komme til kirke,  
En ville så gjerne få komme seg ut.  
Ut fra striden i hverdagens virke,  
Samles til kirke om ordet fra Gud.*

*Der fikk man treffes med kjente og kjære,  
Salmene synge og høre Guds ord.  
Der var det godt til i sammen å være,  
kjært å få dvele ved nadverens bord.  
Til kirken en gang går og ferden den siste,  
I kirkegårdshaven blir gravet en grav.  
Dit blir til sist jeg båret i kiste,  
Senket i muld under gravtuften lav.*

kan forklare. Vi set pris på å høyre og kunne delta i det. Det er ein viktig del av vår kultur og det taler til kjenslene og varmar hjarte. Korleis det var med salmesongen før vi fekk orgel i kyrkja er ei anna oppleving enn den vi har i dag. Då måtte det vere ein forsongar som tok opp melodien til salmane, og skuleborn hjelpte til med songen i kyrkja då»

Tre Holsingar har skreve dikt om kyrkja i Holsen: «Kirkeferden» av Andreas R. Holsen, utgitt i 1943, «Holsen kyrkje 125 år» av Leiv Høgset (1986) og «Kyr-



Ingebjørg Nomeland, Odd Arne Standal, Ingvald Andersen Frøyen og Gro Gundarson song.

kyrkja ser attende» av Møyfrid Vallestad, dikta blei lest på samlinga, og det eldste skreve til 140 års jubileum (2001). Alle diktet tar vi med her.



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei  
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?  
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



Tlf. 57 82 07 22 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)  
ALTI, Førde

## FASTEAKSJONEN 2023



15 år gamle Deodata Julius var ein av dei som henta vatn.

# Nizar si eventyrlege vassreise

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

Tekst og foto: ANETTE TORJUSEN, Kirkens Nødhjelp

– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelause maisåkrar. Så vakkert,

men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timar kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortviling blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.

Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timar for å hente vatn. Så langt var det til næraste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timar. Først seint på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøyt, og at ho grudde seg til å hente vatn

på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn,



Nizar t.h. møter Deodata som slepp å gå i to timar for å hente vatn.

er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønnar. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjort i områda Mbulu og i Haydom, viser om lag halvering av sjukdommar som er relaterte til skitent vatn.

– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønnsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.

– Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

## Warvik kvitevareservice

Førde  
Telefon: 900 39 050

# Tvisyn i kyrkja

Førde sokn inviterer til ope møte kring tema likekjønna vigsel i Førde.

Tekst: BJØRN-HARALD HAUGSVÆR, soknerådsleiar Førde sokn.

Kyrkja vår er mangfaldig og har rom for oss alle. I ein slik «storfamilie» er det naturleg at vi har ulike syn og meiningar om viktige spørsmål. Dette kan vere tema som naturvern, rettferdig fordeling og kyrkje i samfunnet. Når vi møtes unngår vi desse spørsmåla for ikkje å støyte kvarandre.

Soknerådet Førde hadde på møte i januar ein god samtale kring likekjønna vigsel. Her har vi som enkeltpersonar ulike syn, men kyrkja vår seier eit klart ja. Målet med samtalen var ikkje å overtyde kvarandre, men å lytte og skape større forståing for kvifor vi tenkjer ulikt.

Vi ynskjer at fleire skal få vere med i denne samtalen, og Førde sokn inviterer difor til ope møte på Førde Kyr-



Likekjønna vigsel i Førde blir tema på ope møte i april.

kjetun torsdag 27. april kl. 19.00 kring tema likekjønna vigsel i Førde.

Planen er å følgje opp med tilsvarande kveldar på andre tema.

## Sesonghjelp på kyrkjegardane i Sunnfjord

Slåttesesongen på kyrkjegardane varer frå mai til september. I denne perioden treng vi ekstra arbeidskraft som kan supplere våre faste tilsette med klipping og stell på dei 14 gravplassane i kommunen. Størst behov er det i sommarveke då dei faste tilsette avviklar ferie, men denne sesongen ønskjer vi ekstra slåttehjelp i vekene både før og etter. Du må like å arbeide utandørs, trivast på ein plenklyppar med 4 hjul og ha blikk for kva som gjer kyrkjegarden vakker og velstelt.

Er du skuleelev (minimum 16 år) eller student med lang sommarferie, er du pensjonist med litt ekstra tid, eller er du av ulike grunnar utanfor arbeidslivet men likevel ønskjer å bidra? Då vil vi gjerne høyre frå deg!

Løn etter tariff. Du bør helst ha førarkort for bil. Send epost til [sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no](mailto:sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no) innan 20. april.

## Jobbe med gjenbruk?


NMS Gjenbruk i Førde har i 16 år jobba med gjenbruk av møblar, servise, kjøkenutstyr, sportsutstyr, dukar, pynteting og mykje meir.

Vi treng stadig nye folk etter kvart som dei tilsette blir eldre.

Er dette noko du kunne tenke deg? Arbeidsoppgåvene er mange, og du treng ikkje binde deg til faste dagar, dersom dette ikkje høver. Butikken er open kl. 11-15 kvar dag og til kl. 17 på torsdagar.



Kontakt Hjordis Birkeland, tlf. 416 99 177 eller Kjell Skaaheim, tlf. 958 01 393 for meir informasjon.



# Trusopplæring

For oppdatert informasjon: sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

## STØRST AV ALT

### Trusopplæring i Naustdal

#### Spiren

– Babysong på Naustdal kyrkjelydshus. Eit tilbod for born i alderen 0 – 1 år saman med foreldre.

Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal være ein god og trygg stad å vere for store og små. Vi har matter som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe.

Kl. 11.15 til 12.45.

Program frå 11.30 – ca. kl. 12.00.

Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt. Datoar vert kunngjort på Facebook.

#### Naustdal barnekor

Øving kvar onsdag frå 13.15-13.45.



### Trusopplæring i Førde sokn:

#### 0–1 år: Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

#### 1–3 år: Krøllesamling

Song og formidling frå kl. 17.30 på Førde Kyrkjetun..

- Onsdag 12. april
- Onsdag 19. april
- Onsdag 26. april

#### 7 – 10 år:

#### Vakuümveke/Aktivitetsveke

8. – 11. august på Førde barneskule

Påmelding: [www.minkirkeside/Sunnfjord](http://www.minkirkeside/Sunnfjord)



#### 8 år: Tårnagent

Laurdag 18. mars er det Tårnagentsamling for dei som fyller 8 i år.

Førde kyrkje frå kl. 11.00 – 13.30.

Påmelding: [www.minkirkeside/Sunnfjord](http://www.minkirkeside/Sunnfjord)

#### 9 år: Agent for skaparverket

Laurdag 6. mai er det Agent for skaparverket for dei som fyller 9 år i år.

Datoen kan bli endra.

Påmelding: [www.minkirkeside/Sunnfjord](http://www.minkirkeside/Sunnfjord)

#### 13-16 år:

#### Workshop med Deciding: Vil du vere tensingar for ein dag?

Førde Ten Sing; Deciding inviterer ungdommar frå 13 – 16 år til å vere med på dagsamling med song, dans, drama og band på Førde Kyrkjetun, laurdag 15. april

Alle er med å lære nokre låtar. I tillegg er det tre ulike seminar du kan vere med på: Band/jam, dans og drama. Påmelding: [www.minkirkeside/Sunnfjord](http://www.minkirkeside/Sunnfjord)

#### «Familiesøndag» - eit tilbod for heile familien!

Vi veksler på å vere i Førde kyrkje, på Førde kyrkjetun eller ute med samling, leik og måltid saman.

Søndag 19. mars kl. 16.00 og Søndag 30. april kl. 16.00. Følg med på Førde kyrkje si facebookside.



**Astrid Blomster**  
Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
[astrid.blomster@interflora.no](mailto:astrid.blomster@interflora.no)

*Grauminne  
finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

### Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

<b>Knottekor</b> ca. 3,5 år til ca. 5 år:	<b>kl. 17.20 – 18.00</b>
<b>Aspirantkor</b> ca. 6 år – 2. klasse:	<b>kl. 18.05 – 18.50</b>
<b>Jentekor</b> 3. – 6. klasse:	<b>kl. 18.55 – 20.00</b>

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: [gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no](mailto:gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no), eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje».

Kontingent per semester: kr. 200.

# Ope hus på Førde kyrkjetun



50 barn klar til leik på Førde kyrkjetun.

Ein fredag i månaden strøymmer det på med 10-12 -åringar til Førde kyrkjetun.

Tekst og foto: Hanne Schnitler

Gry Sætre og Heidi Voltersvik Styve tar imot ved inngangen til ungdomslokalet. Denne fredagen kjem det 50 namn i oppmøteboka.

Inne i ungdomslokalet har ein fin gjeng samla seg i den innerste kroken. Dei går i 6. klasse på Slåtten skule, fortel dei. Rundt dei andre borda samlar det seg barn frå Førde barneskule, Halbrend og Flatene skule.

– Vil de ikkje sitte saman med dei frå andre skular, undrar eg. – Nei, det er kjekkast å vere i lag med dei vi kjenner.

– Kva er det kjekaste med «Ope hus»? – Leik og kiosk! Det kjem kontant frå fleire.

Gry og Heidi prøver å samle flokken og få alle til å høyre etter. Denne kvelden kjem ein gjest, Stian Stokkebekk som er tilsett i Acta barn og unge i Normisjon. Han skal halde andakt. Han får ordet, og alle 50 er nesten stille. Stian vil gjerne fortelje om da han som tenåring vart spurt om å vere leiar på leir, og korleis det var å be til Gud saman med dei vaksne leiarane. Det vart vegen til kristen tru. Fleire hender kjem i været, det blir nokre spørsmål før Stian avsluttar med ei kort bøn.

Tre ungdomar frå Deciding er med for å hjelpe til, Emily Klakegg, Mina Emilie Berenzen og Andrine Lundekvam. Emily drar fram 6 stolar og ber om å få fram 6 deltakarar. Om lag 40 ropar – Eg vil! Dei heldige utvalde får ein kort instruksjon, så

får dei rollene som Mor, Far, Lille Villy og Dei tre bjørnane. Stian les forteljinga om Lille Villy, og så er leiken i gang. Jubel og heiarop fyller lokalet.

Dei får tid til enda ein leik. Nokre gitar vil ikkje vere med, men sit og ser på. – Kvifor vil de ikkje vere med? – Vi ventar på at kiosken opnar! Gry og fleire er alt i gang med å varme pølser, fyller popkorn i beger og finne fram diverse snop. Plutseleg stiller alle seg eksemplarisk i to køar, finn fram pengar og er klar til handel. – Pølser 10 kroner! Berre to posar snop til kvar, elles blir det ikkje nok til alle, ropar Gry. Snart sit dei rundt borda, et, pratar, tøyser og har det kjekt.

Emily og Andrine har det travelt i kiosken. Når køen stilnar får eg nokre ord med dei. Dei fortel at dei som er med i Deciding, blir spurt om å ha ansvar for leik og kiosk. Emily er óg kyrkjjetenar ved sidan av skulen, og eg lurar: Blir det tid til skulearbeid? – Joda, men i går sat eg oppe til langt på natt for å bli ferdig med ei norskopp-gåve. Vi får tru at ho og dei andre får god nytte av erfaringa dei får gjennom å vere frivillige. Dei er og einige i at 10-12-åringar treng å sjå at eldre ungdomar stiller opp og brukar tid på å gjere noko kjekt i lag med dei.

– Skal vi få la dei herje litt? spør Heidi når fleire spring rundt i lokalet. Det er sett av god tid til at dei kan gjere det dei har lyst til mot slutten. Heidi Voltersvik Styve, kateket, forklarar: – Det barn og ungdom treng er stader der dei kan vere saman og lære seg å fungere i lag, med trygge vaksne i nærleiken. «Ope hus» ser ut til å vere ein slik trygg stad.

# Påske i kyrkja



Palmesøndag i Naustdal kyrkje.

I påska blir det fleire fellesgudstenester. Sjå og gudstenestelista s. 18.

**Palmesøndag kl. 11.00** er det fellesgudsteneste for Førde, Holsen/Haukedalen, Naustdal og Vevring i **Naustdal kyrkje**. Etter gudstenesta er det påskeverkstad og kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset. På påskeverkstaden kan du lage tradisjonell påskepynt til å pynte med heime, eller kanskje gje vekk til nokon du er glad i? På kyrkjekaffien kosar vi oss med god mat, god prat og ein kopp kaffi.

**Skjærtorsdag kl. 19.00** er det gudsteneste i **Førde kyrkje** og **Vevring kyrkje**. I Vevring er det kveldsmat i kyrkjestova etter gudstenesta.

**Langfredag kl. 19.00** er det felles Langfredagsmesse i **Førde kyrkje**.

**Påskedag:** Høgdepunktet i påskefeiringa blir Høgtidsgudstenestene i kyrkjene i Naustdal, Førde og Haukedalen, 2. påskedag i Vevring kyrkje.

# DET SKJER

## 10-kaffi på Førde kyrkjetun

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje.

## Førde kyrkjekor

har øving i Førde kyrkje **onsdagar kl. 19.00**. Koret har fått fleire nye medlemmer i det siste, men har plass til fleire! Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!



## Kyrkja i byen

Kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

## Strikketreff

Førde kyrkjetun kl. 11.00 – 14.00

Ta med eit handarbeid, eller bli med å strikke lappar for «Ull og omtanke – Sunnfjord», sjå artikkel i Helg og Heim 4/2022. Ta gjerne med matpakke, så et vi lunsj i lag.

Måndag 20. mars, 24. april, 22. mai.

## Temakveld

«Feltprest i Afghanistan» v. Carsten Langeland

Torsdag 30. mars kl. 19.00 på Førde kyrkjetun

## Ope møte på Førde Kyrkjetun

Førde sokneråd inviterer til samtale.

Tema: Likekjønna vigsel i Førde.

Torsdag 27. april kl. 19.00

## Årsmøte i kyrkjelydene:

Naustdal sokn: **Søndag 19. mars kl. 14.30** på kyrkjelydshuset.

Førde sokn: **Søndag 19. mars** etter gudstenesta kl. 11.00

Holsen og Haukedalen sokn: **Søndag 12. mars** etter gudstenesta i Haukedalen kyrkje kl. 15.00.

## Tid for tru i fastetida

- Felleskap på tvers av sokna.

Fastetida er førebuingstid til påskehogtid. Kyrkjelydane i Gaular, Jølster, Førde og Naustdal samarbeider om felles opplegg, om å finne tid til ettertanke, bøn og stille i kvardagen. Vi oppmodar folk om å krysse grenser og ta turen til kyrkja i nabo-sokna:

### Naustdal kyrkje:

Torsdag 16. mars kl. 19.00

Tema: «Sjå eg har sett framfor deg ei opna dør, som ingen kan stengja» ved Ingvald Andersen Frøyen. Om krafta som ligg i håpet og løfta Gud gir oss. Kl. 20.00 Kveldsmesse ved Knut Magne Nesse.

### Vassenden kyrkjesenter:

Torsdag 23. mars kl. 19.00

Tema: «Er eg vaktar for bror min?» ved Rigmor Frøyen. Vi vender blikket utover.

Kl. 20.00 Gospelkveld ved Silje Sørebo og Rune Molvik.



## Sykkeldugnad

Vi tek vårpussen på sykkelen i lag. Ta gjerne med ein kost og pussefiller. Vi har noko verktoy til låns, og stiller med kaffi og saft.

Torsdag 20. april frå kl. 17.30 ved Førde kyrkjetun



Elias Myrland, Liam Undeland, Sivert Grane og Johan Sægrov var bøsseberarar for Fasteaksjonen i 2022. Foto: Hanne Schnitler

## Fasteaksjonen 2023

# - Håp i ein dråpe vatn

Kirkens Nødhjelp har sin årlege fasteaksjon «Håp i en dråpe vatn».

Saman med kyrkjene i Norge arbeider Kirkens Nødhjelp med akutt naudhjelp, og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Saman arbeider vi for fred og rettferd, og for å redde liv.

I fasteaksjonen samlar konfirmantane inn pengar til dette livsviktige arbeidet.

Takk for at du er med!

Ta godt imot konfirmantane når dei ringjer på hos deg **tysdag 28. mars** kl 17-20. Eller gje gåva di på **VIPPS 2426**.





# Besøkstenesta i Førde

Har du lyst til å vere med og ha ei meningsfull oppgåve?

Fleire frivillige er med i besøkstenesta i Førde., men det er plass til fleire. Diakon Anita Rusken har ansvaret for tilbodet, og dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med

på det første besøket.

Dei frivillige i besøkstenesta synest det er både kjekt og meningsfullt å vere med. Har du litt tid til overs, og har lyst til å vere med, ta kontakt med diakon Anita!

# RIKKE


Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE



**Naustdal**  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

 57 72 41 40  
dampbakeriet.no

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reakvam.no  
reakvam.no

ALT I  SPORTSKLEDE  
 SPORTSUTSTYR  
 BARNEUTSTYR

Erdal Sport



Førde



Din nye bustad finn du hos oss!

Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!  
Du finn oss på Halbrendøyra i Førde.

www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00



**Gravdal**gruppa

Førde - Bergen

## Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380

**HELLENES**  
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL



**EXTRA**

NAUSTDAL



**Best**

NAUSTDAL

# GUDSTENESTER

Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringar!

Følg med i Firda og [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no), eller kontakt kyrkjekontoret.

## SØNDAG 19. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste og årsmøte i kyrkjelyden

Naustdal kyrkje 16.00 «Syng-ilag» familiegudsteneste. Årsmøte 14.30.

## TORS DAG 23. MARS

Vassenden kyrkjesenter 19.00 Bibeltid og gospelkveld

## SØNDAG 26. MARS MARIA BODSKAPSDAG

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## PALMESØNDAG 2. APRIL

Fellesgudsteneste i Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste

## SKJÆRTORS DAG 6. APRIL

Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste

Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

Vevring kyrkje 19.00 Gudsteneste

## LANGFREDAG 7. APRIL

Fellesgudsteneste i Førde kyrkje 19.00 Langfredagsmesse

## PÅSKEDAG 9. APRIL

Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

Førde kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

Haukedalen kyrkje 15.00 Høgtidsgudsteneste

## 2. PÅSKEDAG 10. APRIL

Vevring kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

## TORS DAG 13. APRIL

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 16. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 23. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

Førde kyrkje 13.00 Dåpsgudsteneste

Naustdal kyrkje 18.00 Gudsteneste med konfirmantar

## SØNDAG 30. APRIL

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

Haukedalen kyrkje 11.00 Gudsteneste

## TORS DAG 4. MAI

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 7. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Vevring kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## LAUR DAG 13. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## SØNDAG 14. MAI

Holsen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Naustdal kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

## 17. MAI

Førde kyrkje 09.45 Gudsteneste

Naustdal kyrkje 10.30 Gudsteneste

Haukedalen kyrkje 11.00 Gudsteneste

Holsen kyrkje 12.15 Gudsteneste

Vevring kyrkje 12.30 Gudsteneste

## KRISTI HIMMELFARTSDAG 18. MAI

Førde kyrkje 12.00 Gudsteneste

## SØNDAG 21. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## 1. PINSEDAG 28. MAI

Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

Førde kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

Haukedalen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## 2. PINSEDAG 29. MAI

Vevring kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

## LAUR DAG 3. JUNI

Førde kyrkje 12.00 Dåpsgudsteneste

## SØNDAG 4. JUNI

Førde 12.00 Bygudsteneste ved Rådhuset

Naustdal kyrkje 12.00 Friluftsgudsteneste



**FARGERIKE**  
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDJE

**Førde Fargehandel %s**

Tlf. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

Gode tilbud på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**

[www.brufli.no](http://www.brufli.no) tlf. 90 61 96 54



**arnes**  
frisørhjørne

Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde



**Velkommen til oss!**

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



**ARKI**  
ARKITEKTAR

Hafstadgården  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Nettside: [arki.no](http://arki.no)

# Kyrkjeskyss Førde kyrkje våren 2023

Treng du skyss til gudstene-  
te? Ring telefonnummera på  
lista nedanfor.

For meir informasjon kan  
du ta kontakt med kyrkje-  
kontoret måndag-fredag kl.  
09.00-15.00: Tlf. 57 82 81  
80. Kyrkjeskyssen er gratis.

## 12. MARS:

Per Ingolf Nygård  
tlf. 918 19 561

## 19. MARS:

Gunnar Johannessen  
tlf. 917 27 191

## 26. MARS:

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 993 65 322 / 913 88 644

## 2. APRIL, PALMESØNDAG I NAUSTDAL KYRKJE:

Oddbjørg Espeset  
tlf. 905 93 295

## 9. APRIL, PÅSKEDAG:

Per Ingolf Nygård  
tlf. 918 19 561

## 16. APRIL:

Gunnar Johannessen  
tlf. 917 27 191

## 23. APRIL:

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 993 65 322 / 913 88 644

## 14. MAI KL. 19.00:

Oddbjørg Espeset  
tlf. 905 93 295

## 28. MAI:

Per Ingolf Nygård  
tlf. 918 19 561

## 4. JUNI KL. 12.00, BYGDESTESTE:

Gunnar Johannessen  
tlf. 917 27 191

Kan du tenkje deg å stille  
som sjåfør? Ta kontakt med  
diakon Anita Øvreås Rusken,  
tlf: 900 68 514



## DØYPTE

### FØRDE KYRKJE

23. OKTOBER  
Johanna Bjørkhaug Welle  
Hedda Bjørndal Ness  
Ella Furevik Solheim  
Jenni Svortevik  
*Døyp i Stavang kyrkje*

13. NOVEMBER  
Olav Møgster  
Ulrik Enes Lundekvam  
Live Hafstad Monsen  
Oskar Rye Svoren

20. NOVEMBER  
Anna Holmelid Øren  
Tiril Aalhus Olset  
Lova Ulltang Gjølringbø  
Tiril Finseth Bruland

04. DESEMBER  
Jenny Vindheim Aase

18. DESEMBER  
Aron Paul Ripe

25. DESEMBER  
Ida Fossheim Hagen  
*Døyp i Helgheim kyrkje*

08. JANUAR  
Iver Wie Tviberg  
Theo Sårheim Rimmen

15. JANUAR  
Jakob Gjølringbø Tveit  
Isak Bareksten Juhler

22. JANUAR  
Falk Støfring Hoff

05. FEBRUAR  
Kamilla Haugen Hetle

### NAUSTDAL KYRKJE

13. NOVEMBER  
Theo Nyheim Sæther  
Nora Emilie Fimland Erdal

11. DESEMBER  
Nelly Aase

25. DESEMBER  
Isak Apneseth Birkeland

22. JANUAR  
Vilja Thune Vaulen

## GRAVFERD

### FØRDE KYRKJE

28.10	Arne Martin Erdal	f. 1935
	Grethe Ekroll	f. 1959
04.11	Nina Kristin Tønning	f. 1977
17.11	Oddvin Aksel Aasen	f. 1945
18.11	Alf Gunvald Romarheim	f. 1936
	Svanhild Halldis Nesbø	f. 1929
24.11	Olav Johan Styve	f. 1938
29.11	Gerry Eikeland	f. 1968
02.12	Astrid Bruland	f. 1925
07.12	Arne Ivar Skadal	f. 1963
09.12	Ragnhild Myklebust	f. 1927
14.12	Grethe Jenny Vindheim	f. 1954
15.12	Svein Peder Rundereim	f. 1969
16.12	Aslaug Naustdal	f. 1931
20.12	Sigurd Nes	f. 1935
03.01	Solveig Nikoline Glosvik	f. 1928
06.01	Helge Andreas Ulltang	f. 1945
10.01	Kåre Bodvar Nilsen	f. 1948
12.01	Solveig Tviberg	f. 1931
19.01	Astrid Hilda Fauske	f. 1920
20.01	Gun Ingela Løset	f. 1946
24.01	Dagny Hallset	f. 1926
27.01	Marta Bruland	f. 1930
02.02	Jofrid Torbjørg Hjelkrem	f. 1925
10.02	Borghild Lilly Dalen	f. 1934
	Jostein Oddbjørn Myklebust	f. 1949
17.02	Randi Faugstad	f. 1950

### HOLSEN KYRKJE

17.01	Norvald Holsen	f. 1934
-------	----------------	---------

### NAUSTDAL KYRKJE

01.11	Odd Mortensbakke	f. 1930
11.11	Roald Oddgeir Solås	f. 1929
22.11	Torill Vigdis Berntsen	f. 1951
25.11	Inge Solheim	f. 1940
08.12	Helga Hukset	f. 1926
15.12	Inge Fitje	f. 1931
19.01	Geir Lunde	f. 1971

### VEVRING KYRKJE

24.01	Olav Tefre	f. 1942
10.02	Johannes Grytten	f. 1930

(bisetjing)

### NY, LOKAL BOK:


## “Kunstverk i Førde kyrkje”

Flotte foto i heile boka!  
Du får kjøpt boka i  
Norli bokhandel, hos Fotograf  
Reiakvam, på Senioruniversitetet,  
eller hos Solrun Ullaland,  
mobil: 992 99 650,  
e-post: solulla@online.no.  
Pris kr. 390,-

Senioruniversitetet  
i Førde

Prosjekt Kunstverk i Førde kyrkje





**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# Høgtideleg og glad ordinasjonsdag for Fredrik

5. februar vart Fredrik Bråttvik ordinert til prest i Fjellhamar kyrkje i Lørenskog.

Tekst: RIGMOR FRØYEN,  
sokneprest i Naustdal

Vi – undertekna og prost Knut Magne Nesse, fekk vere utsendingar frå Sunnfjord. Vi vart ønskt varmt velkomen, det vart sett stor pris på at vi tok turen « heilt » til austlandet.

Særleg fint var det å ta del i forbøna for Fredrik. Det kjendest høgtideleg då stolaen vart lagt over skuldrane hans. Nokre dansetrinn og spontant «Yes» frå ordinanden, vart følgt opp av klapping frå ei tydeleg glad og rørt forsamling.

Etterpå var det pizza og kaker i kyrkje-kjellaren, med triveleg og god stemning i den fullstappa salen. Ikkje minst – mange helsingar og gode ord til den nye presten. Særleg vart det bemerkta at han er bibelglad og glad i menneske (les: særleg ungdom). Det er vel det beste utgangspunktet



*Nyordinert og glad prest saman med sokneprest Rigmor Frøyen og prost Knut Magne Nesse. Foto privat.*

for å arbeide som prest blant ungdom!

Ikkje tvil om at Fredrik har mange «i ryggen» der han kjem frå. Det var fint å sjå og høyre om arbeidet han har vore ein del av i ungdomstida. Han har vore ei viktig brikke i ungdomsarbeidet, saman med

andre. Det er blant ungdom Fredrik trivst best. Det har vi allereie sett i måten han møter konfirmantane på. «Det gir meg energi å vere saman med ungdom», seier han. Soknerådsleiar i Fjellhamar avrunda dagen med orda: «Vi ser på oss som sendekyrkjelyd for

Fredrik.»

Vi er svært glade og takksame for at han er sendt til oss. Guds signing over liv og teneste!



## Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige. Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)